

Innleiande bestemmelser

1. Målsetting

- 1.1. Selskapet skal fylgja sentrale lover og reglar for innkjøp.
- 1.2. Selskapet skal sikre kompetanse på innkjøp.
- 1.3. Alle tilsette som føretek innkjøp på vegne av selskapet skal gjera seg kjent med og foreta innkjøp etter gjeldande regelverk.
- 1.4. Bruk av elektronisk verktøy skal vera med å effektivisera og forenkla innkjøpsrutinane.
- 1.5. Selskapet skal ha gode og sikre rutinar for innkjøp.
- 1.6. Selskapet skal ha høg etisk standard og gode kontrollrutinar.

2. Grunnleggjande krav som gjeld alle innkjøp

Desse gjeld for alle innkjøp uavhengig av art og verdi.

2.1. Kravet til konkurranse

Oppdragsgjevar skal så langt råd er, sjå til at innkjøpet baserer seg på konkurranse. Oppdragsgjevar skal opptre i samsvar med grunnleggjande prinsipp om konkurranse.

Kravet til konkurranse gjeld uavhengig av innkjøpet sin art og verdi. Oppdragsgjevar har derfor plikt til "så langt det er mogleg" å sikre effektiv ressursbruk ved å hente inn tilbud frå fleire leverandørar, også for kjøp med verdi under kr 100.000,- eks mva.

2.2. Kravet til å behandle alle likt

Oppdragsgjevar skal sikre at alle leverandørane vert behandla likt gjennom heile innkjøpsprosessen.

Kravet til å behandla likt gjeld uavhengig av nasjonalitet og lokalisering, under dette at oppdragsgjevar ikkje skal diskriminera leverandørar på grunn av nasjonalitet eller lokal tilknytning.

2.3. Kravet til føreutseiing.

Oppdragsgjevar skal sikra at omsynet til føreutseiing vert ivareteke gjennom heile innkjøpsprosessen. Kravet til føreutseiing inneber at innkjøpsprosessen skal vera føreutseieleg for leverandørane.

2.4. Kravet til tilgang til å etterprøva

Oppdragsgjevar skal sikra at kravet til tilgang til å etterprøva vert ivareteke gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette inneber at oppdragsgjevar må kunne dokumentere kva som har gått føre seg i innkjøpsprosessen. Oppdragsgjevar må derfor sikre at dei vurderingar og den dokumentasjon som har innverknad for gjennomføringa av konkurransen er skriftleg klar og utfyllande nok til at tredjeperson, eller eit klageorgan, i ettertid kan få god forståing av oppdragsgjevar sine vurderingar. Kravet til etterprøving set også krav til kunngjering og konkurransegrunnlaget. Dette må utformast klart og utfyllande.

2.5. Kravet til forholdsmessig konkurranse

Oppdragsgjevar skal gjennomføre konkurransen på ein måte som er rett avpassa i høve til innkjøpet.

Det føl av dette prinsippet at krava til oppdragsgjevar sin innkjøpsmetode aukar med innkjøpet sin verdi.

Gjeldande rutiner

3. Innkjøpsrutinar ved konkurranseutsetting

3.1. Formål

Formålet med å fastlegge rutinar for selskapet si innkjøpsverksemd er å sikre at "Lov og forskrift om offentlige anskaffelser" og vedteke innkjøpsreglement vert følgd. Rutinane skal vidare sikra at selskapet opptreer likt overfor leverandørar, og at desse vert handsama på same måte.

Rutinane skal sikra at det er reell konkurranse om å oppnå leveransar til selskapet, og at prinsippet om konkurranse på like vilkår vert følgd.

3.2. Innkjøpsrutinane skal gje ei effektiv utnytting av selskapet sine ressursar og sikre at:

- Alle innkjøp vert gjennomført i tråd med gjeldande reglar
- Førebygging og avdekking av brot på reglar
- Det er klare myndigheits- og ansvarsforhold
- Aktiviteten/prosedyren ved innkjøpet kan dokumenterast

3.3. Innkjøpsmetodar

Alle innkjøp skal, så langt det er mulig, baserast på konkurranse, enten som

- Open tilbods-/anbodskonkurranse
- Avgrensa tilbods-/anbodskonkurranse
- Konkurransprega dialog
- Konkurranse med forhandling etter forutgåande kunngjering
- Konkurranse med forhandling utan forutgåande kunngjering
- Direkte kjøp ved enkel prisinnhenting.

3.4. Kunngjering.

Kunngjering av anbudskonkurranse er juridisk bindande og skal gjerast av personell med nødvendig kompetanse.

3.5. Innkjøp av varer og tenester med verdi over kr 1 100 000.

Alle innkjøp med verdi over kr 1 100 000 eks mva skal kunngjerast i Doffin i samsvar med "Forskrift om offentlige anskaffelser". I tillegg bør innkjøpet kunngjerast på selskapet sine nettsider. Når det er aktuelt, kan utlysing også føretakast i media, som lokalaviser etc. Det er protokollplikt.

3.6. Innkjøp med verdi frå kr 100 000 til kr 1 100 000

Innkjøp med verdi frå kr 100 000 til kr 1 100 000 kan kunngjerast lokalt. Dersom det er formålstenleg, kan også desse kunngjerast i Doffin.

Konkurransesgrunnlaget/føresurnad skal sendast til minst tre aktuelle leverandørar for å sikra konkurranse om innkjøpet. Det skal først ein enkel protokoll som dokumenterer innkjøpsprosessen.

3.7. Innkjøp med verdi inntil kr. 100 000

Innkjøp med verdi inntil kr 100 000 eks. mva er unnateke regelverket om offentlege anskaffingar. Det skal likevel innhentast minst tre konkurrerande tilbod dersom mogleg.

3.8. Unntak.

Enkeltkjøp utan utlysing kan unntaksvis gjennomførast dersom:

- Det berre er ein tilbydar i marknaden
- Det føreligg eit særdeles fordelaktig tilbod
- Uføresette omstende (tidsomsyn etc.)
- Tilleggsytingar (til tidlegare avtale)
- Tidlegare mislukka anbodskonkurranse
- Kjøp på børs

3.9. Konkurransesgrunnlag.

Ved konkurranseutsetting av varer og tenester over nasjonal terskelverdi f.t. kr 1 100 000, skal det alltid nyttast konkurransegrunnlag, med innhald som spesifisert i forskrift.

3.10. Miljø, menneskerettar, avgrensa ledd av underleverandørar og universell utforming.

Ved kjøp av varer og tenester over terskelverdi skal det alltid desse forholda vurderast.

3.11. Kontraktar og avtalevilkår.

Det skal nyttast standardkontraktar ved inngåing av avtalar med næringslivet.

3.12. Kvalifikasjonskrav

Leverandørar til selskapet skal ha autorisasjon, den økonomiske og finansielle kapasiteten, og dei tekniske og faglege kvalifikasjonane som leveransen krev.

3.13. Attest for betalte skattar og avgifter

Alle tilbydarar til selskapet må leggja fram tilfredstillande attest om skattar og avgifter, ved kjøp over kr. 500 000.

3.14. Lovleg etablert føretak (Firma-attest)

Alle tilbydarar til selskapet må levera dokumentasjon på lovleg etablert føretak.

3.15. Kvalifisering.

Alle tilbydarane til selskapet må kvalifiserast som leverandørar.
Plikt å nytte ESPD-skjema for kjøp over EØS terskelverdi.

3.16. Val av leverandør/produkt.

Oppdragsgjevar skal velje tilbod på grunnlag av

- den lågaste prisen
- den lågaste kostnaden eller
- det beste forholdet mellom pris eller kostnad og kvalitet

3.17. Protokoll

Det skal førast protokoll for alle innkjøp som overstig kr. 100 000.

3.18. Grunngeving

Ved val av leverandør skal det alltid føreliggja grunngeving for valet.

Oppsummering/Rettleiing

Alle innkjøp til selskapet skal skje i tråd med vedteke innkjøpsreglement.

- Kjøp/kontrakt med verdi **lågare enn kr 100 000** er unnateke regelverket om offentlege anskaffingar. Det er likevel eit krav om at det skal nyttast konkurranse. I praksis vil det seie at oppdragsgjevar skal samanlikne prisar så langt dette er hensiktsmessig, minst hjå 3 tilbydarar før ein gjer endeleg val av leverandør.
- Har kjøpet/kontrakten verdi mellom **kr 100 000 og kr 1 100 000** for vare/tenestekjøp, må det i tillegg til prisinnhenting hos minst tre leverandørar, førast protokoll etter reglar for offentlege innkjøp. (Det kan likevel vera tenleg å nytte frivillig forenkla utlysing i Doffinbasen, for å nå ein større marknad.) Har kjøpet verdi over kr 500 000 skal det krevjast skatteattest.
- Er kjøpet av ein kategori som selskapet ventar å kjøpa for **over kr 1 100 000** over ein periode på 4 år, må kjøpet/kontrakten lysast ut nasjonalt i Doffinbasen
- Er kjøpet av ein kategori som selskapet ventar å kjøpa for **over kr 1 750.000** (vare-og tenestekjøp)/ **kr 44 000 000** (bygg og anlegg) over ein periode på 4 år må kjøpet/kontrakten lysast ut nasjonalt og internasjonalt i Doffin og Tedbasen.
- Alle terskelverdiar er eksklusive meirverdiavgift.